



# Høgskulen på Vestlandet

**Jobbnorge-ID:** 240506  
**Søknadsfrist:** 24.03.2023  
**Nettside:** <http://www.hvl.no>  
**Omfang:** Heiltid  
**Varighet:** Fast

## Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskolane i landet, med om lag 1 900 tilsette og 17 500 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærerutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS) har tre institutt: Institutt for økonomi og administrasjon, Institutt for maritime studiar og Institutt for samfunnsvitenskap. Fakultetet har om lag 2780 studentar og 140 tilsette.

Det er 11 bachelorprogram og 4 masterprogram ved fakultetet. FØS har eit doktorgradsprogram i nautiske operasjonar som er ein fellesgrad med Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), Norges arktiske universitet (UiT) og Universitetet i Sør Øst-Norge (USN). FØS er også vertsfakultet for doktorgradsprogrammet Ansvarlig innovasjon og regional utvikling (RESINNREG) som går på tvers av fleire fakultet i HVL. FØS har det faglege og administrative ansvaret for programmet.

Institutt for økonomi og administrasjon ved HVL har om lag 1500 studentar og 100 tilsette. Instituttet er fordelt på tre campus: Bergen, Haugesund og Sogndal. Instituttet har seks bachelorprogram og to masterprogram.

## Førsteamanuensis / førstelektor i natur- og opplevingsbasert reiseliv

**Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis / førstelektor ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap**

### Om stillinga:

Stillinga er plassert ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS) Institutt for økonomi og administrasjon (IØA) ved campus Sogndal.

Institutt for økonomi og administrasjon ved HVL har eit stort fagmiljø og eit breitt studietilbod innanfor dei økonomisk administrative faga. Ved campus Sogndal tilbyr vi års- og bachelorstudium innanfor økonomi og administrasjon, økonomi og jus, eigedomsmekling og reiselivsleiing samt natur- og opplevingsbasert reiseliv. I tillegg tilbyr vi masterutdanning M.Sc./siviløkonom med spesialiseringa Marketing and Innovation.

Stillinga og vil i hovudsak vera knytt til bachelroutdanninga i natur- og opplevingsbasert reiseliv.

Arbeidstaden er ved campus Sogndal.

### Ansvars- og arbeidsområde:

Arbeidsoppgåvene vil i hovudsak vere:

- Undervisning, rettleiing, oppfølging og sensur av studentar innanfor aktuelt fagområde
- Forsknings- og utviklingsarbeid med relevans for stillinga sitt fagområde
- Samarbeid om utdanning og forskning internt i FØS og i HVL, og med nasjonale og internasjonale samarbeidspartar

Det er forventa at den som blir tilsett:

- Deltak i vidareutvikling av emne og studieplanar
- Deltak i utvikling av nye relevante forskingsprosjekt og utarbeiding av søknadar om ekstern finansiering saman med kollegaer i fagmiljøet
- Deltak i institusjonsbyggande oppgåver som studiekoordinering, emneansvar og utvikling av forskingsgruppene
- Bidreg i utviklinga av fleksible utdanningstilbod retta mot regional arbeidsliv og livslang læring

## Kvalifikasjonar:

Kriteria for tilsetjing i undervisnings- og forskarstilling går fram av [Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger](#)

### Formell utdanning og kompetanse:

- For tilsetjing som førsteamanuensis er det krav om norsk doktorgrad innanfor stillinga sitt fagområde eller tilsvarende utanlandsk doktorgrad godkjend som likeverdig med norsk doktorgrad
- For tilsetjing som førstelektor må det dokumenterast omfattande forskings- og utviklingsarbeid som i kvalitet og omfang tilsvarar ein doktorgrad
- Utdanningsfagleg kompetanse
- Undervisningsspråket er norsk og søkjarar må beherske norsk eller eit anna skandinavisk språk i tillegg til engelsk

### Utdanningsfagleg kompetanse:

- Søkjarar som ved tilsetjing ikkje fyller krava til utdanningsfagleg kompetanse, må fylle dei innan to år. HVL tilbyr kurs i høgskulepedagogikk.
- For stilling som førsteamanuensis skal utdanningsfagleg kompetanse dokumenterast med ei pedagogisk mappe og ein pedagogisk CV i [kriteriar for utdanningsfagleg basiskompetanse ved tilsetjing og opprykk i førsteamanuensis- og professorstilling ved HVL](#).

### Ønska kvalifikasjonar:

- Undervisningserfaring frå høgare utdanning på aktuelt fagområde
- Erfaring frå søknadsarbeid knytt til ekstern finansiering
- Interesse for og erfaring med bruk av studentaktive læringsformer
- God og oppdatert kjennskap til fagområdet frå privat næringsliv, offentleg sektor eller frivillige organisasjonar

### Personlege eigenskapar:

- Sjølvstendig og ansvarleg
- Fleksibel og tilpassingsdyktig
- Positiv innstilling og gode evne til samarbeid
- Gode formidlingsevner både skriftleg og munnleg
- Evne til å engasjere og motivere studentar

## Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stillinga" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknaden blir vurdert ut frå den informasjonen som ved søknadsfristen er lagt inn i [www.jobbnorge.no](http://www.jobbnorge.no). Det er søkeren sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, irekna:

- vitenskapleg arbeid (inntil 10 stk)
- fullstendig publikasjonsliste
- attestar og vitnemål
- dokumentasjon på utdanningsfagleg kompetanse. For førsteamanuensis skal utdanningsfagleg kompetanse dokumenterast med ei pedagogisk mappe og ein pedagogisk CV i tråd med [Kriterier for utdanningsfagleg basiskompetanse ved ansettelse og opprykk i førsteamanuensis- og professorstilling ved HVL](#).

Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkeren sjølv laste opp attesterte omsetjingar i tillegg til originalspråket. Om vedlegga er større enn 50 MB må dei komprimerast før opplasting, eller leggast ved som lenkje.

**Søkjarar med utenlandsk utdanning** må i tillegg legge ved NOKUT si generelle vurdering om at utdanninga (mastergrad / PhD.) er likeverdig med tilsvarende utdanning frå Norge. Sjå [www.nokut.no](http://www.nokut.no) for meir informasjon om vurdering av høgare utdanning. Vi gjer merksam på at søknad om vurdering frå NOKUT kan ta tid og søknaden bør sendast så tidleg som mogleg når du veit du vil søkje stillinga. Dersom du ikkje har fått svar innan søknadsfristen, legg du ved dokumentasjon frå NOKUT om at dei har motteke søknaden din.

Opphalds- og arbeidsløyve i Norge er eit vilkår for å tiltre stillinga.

Søknadane blir sendt elektronisk til eit sakkunnig utval. På bakgrunn av utvalet si vurdering vil aktuelle søkjarar bli kalla inn til intervju og prøveundervisning. Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

## Vi tilbyr:

Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse

Spanande fagmiljø med moglegheiter for kompetanseheving- og utvikling

Moglegheit for trening i arbeidstida

Stillinga er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1011 - førsteamanuensis, eller 1198 - førstelektor.

Frå løna blir det trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

### **Generell informasjon:**

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkjarlista blir handsama etter reglane i Offentleglova. Søkjarar som har bede om slikt unntak, blir varsla dersom ønskje ikkje vert teke til følge.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogelg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er av den grunn eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing, og å rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Vi tek atterhald om at stillinga si plassering i organisasjonen kan bli endra som følge av ev. justeringar i HVL si interne organisering.

### **Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet:**

Assisterande instituttleiar Ingunn Skjelbreidalen

ingunn.skjelbreidalen@hvl.no / +47 57 67 63 42

### **Samspel, bærekraft og nyskaping**

Samspel, bærekraft og nyskaping skal kjenneteikne alt vi gjer.

Vi skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil.

[Les meir på våre heimesider.](#)

Video: [https://youtu.be/z-Py\\_In-Eyg](https://youtu.be/z-Py_In-Eyg)

### **Tilleggsinformasjon**

#### **Arbeidsstad:**

Campus Sogndal 6856 Sogndal (Sogndal Kommune)